



Kvinnherad kommune

Rådmannen
Samfunnsutvikling

Rosendalsvegen 10

5470 ROSENDAL

Tlf.: 53 48 31 00

Fax: 53 48 31 30

Org. nr: 964 967 636

Bankgiro: 3460.07.00083

post@kvinnherad.kommune.no

www.kvinnherad.kommune.no

Børge Tveit Maskin
Jensabrotet 30

5498 MATRE



Saksbehandlar
Jon Harald
Kjærland

Tlf. direkte innval
90478841

Vår ref.
2015/2911-2

Dato
20.10.2015

IGANGSETJINGSLØYVE (Eitt-trinnsøknad) Delegert løyve 2015/506

Tiltak: Enkel elveforebygging/flaumsikring; Sprenging/rydde vekk steinblokk i Ågot-elva, samt grava vekk lausmassar på sørsida nær sving i elva.

Gnr/bnr: 104/1

Byggestad/adresse: Fjellhaugen, 5498 Matre

Ansvarleg søkjar/Tiltakshavar: Børge Tveit Maskin, Matre

Delegert vedtaksnr.: 2015/506

Vedtaket:

Med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 20-1 vert søknad journalført 15.10.2015 og tilhøyrande planar og teikningar godkjent. Godkjenninga omfattar òg tiltaksklassar, gjennomføringsplan og ansvarsrettar for funksjonane SØK, PRO og UTF for fylgjande firma:

- **Firma Børge Tveit, Matre får lokal godkjenning av ansvarsrett som omsøkt.**

Vilkår:

Tiltaket kan igangsetjast straks.

Løyvet er gyldig i 3 år frå vedtaksdato, etter denne tid fell løyvet bort. Dersom føresetnadane vert endra i høve til dette løyvet, må det søkjast om endring av løyvet.

Dette løyvet er eit enkeltvedtak som ein kan klaga på etter vilkåra i forvaltningslova § 28 og pbl § 1-9. Klagefristen er 3 veker i frå løyvet vert motteke.

Grunnlag for løyvet

- ✓ Tiltaket er i samsvar med planar og vilkår gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova, medrekna avstands- og høgdereglar, grunn og miljøkrav, tekniske og estetiske krav
- ✓ Alle deler av tiltaket er dekkja av ansvar med tilhøyrande ansvarsrett til ansvarlege føretak.
- ✓ Grunneigar, Kvinnherad kommune (104/1) samtykkjer i at omsøkt elveforebygging kan utførast i brev av 02.10.2015.
- ✓ Tiltaket er drøfta i tlf, mellom Ivar Kåre Døssland og Jomar Bergheim (NVE). Dei har ikkje særlege merknader til utføringa. Elvemassar som skal deponerast ved elva, må leggjast esetisk fint utan skjemmaande haugar slik at dette er fint integrert i landskapet. Beltespor etter maskin må på best måte slettast i terrenget.

- ✓ Tiltaket krev ikkje ytterlegare løyve frå andre myndigheter.

Merknader

- Dette løyvet er sendt til ansvarleg søkjar som skal varsle utførande og kontrollerande om løyvet og vilkåra til dette. Likeins skal han saman med ansvarleg kontrollerande leggja til rette for gjennomføringa av kontrollen.
- Rekning for saksbehandlingsgebyr iflg. vedtekne gebyrregulativ vert sendt frå Økonomikontoret til tiltakshavar.
- Søknad om ferdigattest med oppdatert gjennomføringsplan og sluttdokumentasjon må sendast kommunen i samsvar med pbl § 21-10 når tiltaket er ferdig. Bygningen må ikkje takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Alle lovtilvisingar i dette løyvet kan ein finna under internettportalen: **www.dibk.no**

For rådmannen i Kvinnherad

Jon Harald Kjærland
Saksbehandlar

Kopi til:

Tiltakshavar
Referatsak forvaltningskomiteen
Kvinnherad kommune v/ Grete Sandvik
Kvinnherad kommune, v/Ivar Kåre Døssland